



FIRDA SEAFOOD GROUP AS
Kalvøyna 75
5970 BYRKNESØY

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hedda Dugstad Østgaard, 5557 2052

Oppdaterte løyvedokument for Firda Seafood Group AS sin akvakulturlokalitet Mjømna i Gulen

Vi viser til tidlegare dokument med løyve til forureinande verksemd for akvakulturlokaliteten Mjåsund som vart oversendt 14.04.2025.

Lokaliteten er no registrert i Akvakulturregisteret og vår database Forurensning, og vi har oppdatert løyvedokumenta med dei opplysningane som ikkje var klare ved vedtakstidpunktet i april.

Endringane i løyvet gjeld anleggs- og lokalitetsdata. Lokaliteten har også endra namn frå Mjåsund til 45250 Mjømna. Løyvet vil no bli offentleg tilgjengeleg via nettsida www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Hedda Dugstad Østgaard
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Kopi av vedtak 11.04.2025 om løyve etter forureiningslova til Firda Seafood Group AS
- 2 Oppdatert løyvedokument for Mjømna - Firda Seafood Group

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
GULEN KOMMUNE

Askedalen 2
Eivindvikvegen 1119

6863 LEIKANGER
5966 EIVINDVIK



Firda Seafood Group AS
Kalvøyna 75
5970 Byrknesøy

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hedda Østgaard, 5557 2052

Vedtak om løyve etter forureiningslova til Firda Seafood Group AS for landbasert akvakulturanlegg på lokaliteten Mjåsund i Gulen kommune

Firda Seafood Group AS får løyve etter forureiningslova til utslepp frå landbasert akvakulturanlegg. Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil 6 100 tonn årleg biomasse av settefisk/postsmolt på lokaliteten Mjåsund i Gulen kommune.

Det er sett særskilte vilkår knytt til reinsing av anlegget sine utslepp til sjø og overvaking av miljøverknader av utsleppa.

1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Firda Seafood Group AS løyve til forureinande verksemd. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå 11.04.2025. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter Akvakulturlova.

Firda Seafood Group AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 137 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.



1.1 Nokre viktige fristar

Vilkår nr.	Innhald	Frist
11.4	Registrere miljø- og artsdata frå søknadsdokumentasjonen i databasar	01.08.2025
11.1	Sende inn plan for overvaking av resipient (overvakingssystem) til Statsforvaltaren	Innan produksjonsstart
11.1	Gjennomføre nødvendige miljøgranskningar for å dokumentere no-tilstanden som seinare miljøgranskningar skal samanliknast med. Oksygen i botnvatnet nord i resipienten må kartleggast betre.	Innan produksjonsstart
10.3	Rapportere utsleppsrelevante data og ev. avvik frå løyvet	1. mars kvart år
11.3	Årleg sjekk av strandsona	Årleg, i løpet av sommarhalvåret
11.4	Rapportering av miljøgranskningar og registrering i databasar	Fortløpande. Data frå granskning i samband med søknaden skal registrerast innan 01.07.2025.

2 Bakgrunn for saka

Firda Seafood Group AS har søkt om løyve til landbasert produksjon av laks og regnbogaure på lokaliteten Mjåsund i Gulen kommune. Det er søkt om å få etablere eit anlegg for produksjon av inntil 6 100 tonn i året av settefisk/postsmolt (6 000 tonn levert mengde fisk).

Anlegget vil bli drifta med resirkuleringsteknologi som er tilpassa bruk av ferskvatn og sjøvatn. Ferskvatn skal hentast frå Mjømnevatnet og Randalvatnet, medan sjøvatn skal hentast frå 80 meters djup i Mjåsundet. Reinsetiltaka i anlegget skal vere filtrering med slamoppsamling. Utsleppet frå anlegget er planlagt om lag 50 meter frå land, på 30 meters djup.

Det er laga detaljreguleringsplan for området der oppdrettsanlegget skal plasserast.

2.2 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.



Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta. Utslepp skal ikkje føre til at den økologiske eller kjemiske tilstanden i ein vassførekomst vert forringa.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Bruk og utslepp av stoff og stoffgrupper på den norske prioritetslista¹ skal reduserast vesentleg og på sikt stansast.

Konfliktar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune om konfliktar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter Akvakulturlova.

3 Statsforvaltaren si vurdering

3.1 Grunngeving for vedtaket

Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Landbasert produksjon av større settefisk/postsmolt før utsett i sjø har frå eit miljøperspektiv nokre fordelar samanlikna med produksjon med lengre periode i sjøfasen. Produksjon på land gir høve til reinsing av avløpsvatnet, som kan gi eit mindre fotavtrykk per tonn produsert fisk målt som botnpåverknad på økosystema i resipienten. Landbasert produksjon har lågare utslepp av plast, antigroemiddel, og legemiddel mot lus enn opne merdanlegg i sjøen. I tillegg er landbasert produksjon av større fisk, og ei tilsvarande kortare produksjonstid i sjøfasen, venta å kunne redusere problema med lakselus i sjøfasen.

Anlegg på land har utslepp av organisk materiale, oppløyste nærings salt, kjemikal (reingjeringsmiddel, legemiddel m.m.) og miljøgifter som følgjer med fôret, som kan ha verknader for miljø og naturmangfald. Store anlegg har store utslepp, sjølv med reinsetiltak for avløpsvatnet. Landbasert produksjon har også høgare energiforbruk enn produksjon i sjø.

Kunnskapsgrunnlag og miljøverknader

Vi har nytta det samla naturfaglege kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget som Statsforvaltaren disponerer ved vurderinga av søknaden.

Firda Seafood Group AS søker om utsleppsløyve for ein årleg produksjon av fisk på 6 100 tonn, med eit nitrogenutslepp i reinsa avløpsvatn på om lag 247 tonn nitrogen. Det årlege nitrogenutsleppet frå

¹ [Den norske prioritetslista for kjemikalier - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no)



akvakulturanlegget svarer til utsleppa frå om lag 56 000 PE (personekvivalentar), dersom ein samanliknar med nitrogenmengda i ureinsa kommunalt avløpsvatn.

Utsleppspunktet er planlagt plassert på 30 meters djup, og berekningar har vist god spreining og fortynning når utsleppspunktet ligg på denne djupna. Det er målt sterk straum i sundet som følger tidevatnet nord-sør. Utsleppsvatnet vil spreiest i den øvre delen av vassøyla fordi det vil vere lettare enn det omkringliggande vatnet når det blir sleppt ut.

Resipienten Mjåsundet er kartlagt med ei rekke miljøgranskingar, mellom anna målingar av straumforhold, gransking av botnfauna og gransking av sårbar natur. Det vart funne ålegraseng, sukkertareskog og blautbotnområde i strandsona. Naturtypene er sårbare med omsyn til organisk påverknad i resipienten. Målingar av oksygen i botnvatnet nord i resipienten vart målt til moderat tilstand (III).

Statsforvaltaren vurderer at det er noko risiko for negativ påverknad på nærliggjande marin natur i strandsona på grunn av auka gjødslingseffektar og groe. Samtidig er det dokumentert straumtilhøve som kan ventast å gi god fortynning og spreining av avløpsvatnet. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget om vassutskiftinga og oksygentilhøva i lokale djupområde nord i resipienten er avgrensa.

Vidare overvaking av resipienten og influensområdet til anlegget blir nødvendig for å følgje utviklinga når anlegget kjem i drift. Frida Seafood Group AS skal sende inn eit risikobasert overvåkingsprogram til Statsforvaltaren før driftsstart. For å styrke kunnskapen om oksygentilhøva i relevante djupområde skal no-tilstanden også kartleggast nærare før driftsstart.

Vassførekomsten som anlegget vil ligge innafor dekker eit stort område med øyer, holmar og skjær. Plasseringa til anlegget, og dei fysiske forholda omkring, gjer at miljøpåverknaden frå utsleppet ventast å vere lokal. Vassførekomsten som heilheit vil truleg ikkje påverkast av dei omsøkte utsleppa.

Statsforvaltaren vurderer at forholda som er kartlagde gir eit godt nok kunnskapsgrunnlag for å ta ei avgjerd i saka. Vi vurderer at det er lav risiko for irreversible skadar før ei eventuell negativ utvikling blir oppdaga gjennom miljøgranskingar. Den samla belastninga på resipienten vil auke (jf. naturmangfaldlova § 10), men blir likevel vurdert som å vere innafor akseptgrensene, ut frå den kunnskapen som ligg føre og dei vilkåra som er sett i løyvet.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Frida Seafood Group AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12, og forureiningslova § 2) som er tilgjengelege for næringa i dag. Ved eventuell redusert miljøtilstand i influensområdet til utsleppa, pliktar verksemda å lage ein tiltaksplan for å betre tilhøva.

Utslepp og utsleppsreducerande tiltak

I dag blir det ikkje sett like krav til akvakulturanlegg og andre utsleppskjelder med utslepp av næringssalt, slik som til dømes kommunale avløpsanlegg og ulike industribransjar.

Regelverksendringar for avløp og industri, og generelle innskjerpingar som gjeld utslepp til miljøet og verknad på vassmiljø og naturmangfald, vil kunne bety strengare regulering av akvakulturanlegg sine utslepp i framtida. Til dømes vil nye EU-krav til kommunalt avløp også få verknad for Noreg. EU-avløpsregelverket har strengare krav om nitrogenfjerning frå avløpsvatn enn det som har vore praksis i Noreg hittil.

I dette løyvet er det sett krav om utsleppsreduksjon i samsvar med det som vart søkt om. Vi vurderer dette nivået av utsleppsreduksjon som oppnåeleg ut frå dei årsrapportane vi har samla inn frå andre anlegg i drift. Krava til spesifikke utslepp for fosfor og TOC ligg «på det jamne» med krava som er sett til andre landbaserte anlegg dei seinare åra, mens krava for spesifikke utslepp av nitrogen er litt



høgare enn rapporterte tal for settefisk- og postsmoltanlegg, og krav sett i løyve dei siste åra. Statsforvaltaren vil ha høve til å sette andre og eventuelt strengare krav og utsleppsgrenser ved seinare revisjonar av løyvet. Det er venta at det i framtida vil kome felles reinsekrav til næringa som kan bli strengare enn krava til reinsing som er gitt i dette løyvet.

Handtering av slam

Reinsing av avløpet gir slam som må handterast forsvarleg på anlegget for å ikkje gi luktproblem eller medføre nedstraums miljøproblem vidare i handteringskjeda. Søknaden er ikkje konkret på dei vidare planane for kva som skal skjje med slammet som vert samla opp ved Mjåsundet.

Det er gitt løyve til mange landbaserte anlegg med reinsekrav i Vestland dei seinare åra, og det vert prøvd ut ulike typar oppsamlingsteknologi for slam også frå anlegg i sjø. Til saman kan dette bety at det innan relativt kort tid vil bli store volum med slam som skal handterast. Mottakskapasiteten er forventet å auke i takt med at anlegga vert sett i drift, men mykje er framleis uavklart om prosessar, sluttprodukt og bruksområde.

Vi ser det som viktig at heile «slam-kjeda» trekker i same retning, slik at slammet vert ein sirkulær ressurs, og ikkje eit miljøproblem. Dette vil til dømes bety at Firda Seafood Group AS må ha god kunnskap om, og kontroll på, innhaldet i slammet sitt, og kva ulike tilsetningar eller prosessar i anlegget si slamhandtering medfører av eventuelle avgrensingar for vidare bruk og nytte.

Løyvet sine vilkår er likevel ikkje så detaljerte på dette området, ut over at det er sett krav om analysar av innhaldet i slammet og å handtere slammet forsvarleg utan fare for forureining. Dette er gjort for å ikkje avgrense val mellom ulike løysingar som kan nyttast innanfor desse generelle krava.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg for produksjon av laksefisk ved Mjåsund er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene samanstillt med fordelar og ulemper som landbasert produksjon elles vil medføre, gjev vi løyve til Firda Seafood Group AS for ein årleg biomasseproduksjon på 6 100 tonn på nærare fastsette vilkår.

3.2 Grunngeving for utvalde vilkår

Utsleppsreducerande tiltak og utsleppsrapportering (vilkår 3 og 10 i løyvet)

Vi set krav om utsleppsreduksjon og reinsing av avløpsvatnet før utslepp til sjø for alle større landbaserte akvakulturanlegg. Vilkåra om utsleppsreduksjon er funksjonsbaserte og teknologinøytrale, det vil seie ikkje knytt til spesielle reinseløysingar, utstyr eller teknologiar. Det betyr også at anlegget bør ta høgde for endringar, både i endra krav til reinsing, og generelle krav til næringa.

I dette løyvet er det sett krav om utsleppsreduksjon for nitrogen, fosfor og organisk karbon. Det er gitt grenser for totale utslepp per år, og spesifikke utslepp per tonn produsert fisk (vilkår 3.1). Dei spesifikke utsleppa er vurdert som mest relevant som mål på kor godt anlegget lukkast med å redusere utsleppa sine, ettersom dette har proporsjonalitetsprinsippet (at utsleppsgrensa følgjer produksjonen proporsjonalt) innbakt i seg.

Kor bra reinsinga fungerer må kunne dokumenterast gjennom utsleppskontroll og årsrapportering. Verksemda skal årleg rapportere til Statsforvaltaren om fôrforbruk, biologisk produksjon, slamproduksjon og resultat av analysar av innhaldet i slammet.



Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 11 i løyvet)

Løyve til utslepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utsleppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at verksemda skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må verksemda overvake effekten som utsleppa har på miljøet.

Det er søkt om ein stor produksjon med store utslepp. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen. Detaljar i kartlegginga og frekvens for overvaking er ikkje gitt av løyvet, men skal inngå i overvakingssystemet, som skal sendast inn til Statsforvaltaren. Det er lagt til grunn at overvakingssystemet kan endrast og tilpassast over tid. Hydrografi i relevante djupområde blir ein del av overvakingssystemet, der tilstanden ikkje må bli dårlegare enn den allereie er.

Miljørisiko og tiltak (vilkår 6 og 12 i løyvet)

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og kunne gjere greie for risikoen for forureining jf. vilkår 12.1 om miljørisiko. Tiltak skal settast i verk for å eliminere eller redusere risiko for skade på miljøet jf. vilkår 12.2. Kunnskap om natur og miljø som kan påverkast av eventuelle utslepp må innlemmast i vurderingane. Til dømes må påverknad på kjent sårbar natur vurderast særskilt.

Vi manglar kunnskap om korleis ein del kjemikal og legemiddel knytt til medisiner og parasittmedikament verkar på miljøet over tid. Difor må dei kjemikala som vert brukt risikovurderast med omsyn til om dei kan ha skadelege effektar på helse og miljø jf. vilkår 6.1.

Den framande arten havnespy (*Didemnum vexillum*, japansk sjøpung) er funne i fleire hamneområde på Vestlandet, mellom anna i hamnebasenget i Florø og ved Skipavika i Gulen. Verksemda har eit ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med sin aktivitet, jf. naturmangfaldlova § 28 og forskrift om framande organismar § 18. Vi har meir informasjon om havnespy på nettsida vår², som vert jamleg oppdatert.

Støy (vilkår 7.1 løyvet)

Støy er regulert gjennom grenser sett i utsleppsløyve vilkår 7.1. Vi har nytta standard grenseverdiar for industristøy som vilkår i løyvet.

Utslepp av plast (vilkår 9.3 i løyvet)

Vi kjenner per i dag ikkje det nøyaktige omfanget av utslepp av plast frå akvakulturanlegg, men ser det som ein miljørisiko. Difor set vi vilkår om at verksemda skal ha risikovurderingar og gjere tiltak for å redusere utslepp av mikro- og makroplast frå plastbasert driftsutstyr, jf. vilkår 9.3 i utsleppsløyvet. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast.

3.3 Fråsegn til fylkeskommunen om verknader for natur og friluftsliv

Anlegget ved Mjåsundet skal plasserast på eit regulert industriområde der industriverksemd er prioritert framfor andre ålmenne brukarinteresser.

² [Hamnespy er ein inntrengar som er komen for å bli | Statsforvaltaren i Vestland](#)



Vi har ikkje kjennskap til vesentlege konflikhtar med registrerte verdiar for natur og friluftsliv i området. Det er likevel ein viss risiko for at utsleppa frå anlegget kan få konsekvensar for marin natur. Dette blir regulert gjennom vilkåra i utsleppsløyvet.

4 Faktagrunnlag

4.1 Utslepp

Generelt om utslepp frå landbasert akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare.

Landbasert akvakultur har utslepp til sjø gjennom utsleppspunkt som går ut til nærliggjande resipient. Reinsing av utsleppet bidreg til å redusere påverknaden på resipienten. Det er i dag krav om mekanisk fjerning av partiklar i landbaserte anlegg av eit visst omfang, der storleiken på utsleppet skal dokumenterast med rapportering av utsleppsrelevante data.

Utslepp av organisk materiale og nærings salt


Grovt sett består avløpsvatn (før reinsetiltak) av to tredeler oppløyse nærings salt og ein tredel partikulært organisk materiale. Så lenge anlegga berre har partikkelreinsing vil hovuddelen av utsleppa vere oppløyse nærings salt og finpartikulært organisk materiale som ikkje let seg samle opp ved filtrering. Av nærings salt nitrogen og fosfor, er det nitrogen som gir den mest potente gjødslingseffekten i sjø, ettersom primærproduksjonen i sjøen normalt sett vert avgrensa av nitrogenmangel.

Store anlegg vil ha store utslepp av nærings salt. Eit litt grovt estimat tilseier at produksjon av 1 tonn fisk har nitrogenutslepp tilsvarande avløp frå 10 personar (10 PE, eller personekvivalentar).

Utsleppsreduksjon og utrekning av utsleppsmengder

Statsforvaltaren set vilkår om årleg utsleppsrapportering frå landbaserte akvakulturanlegg. Vi har etter kvart samla ein del erfaringsdata om utsleppsmengder og oppnådd utsleppsreduksjon frå landbasert settefisk- og postmoltproduksjon. For alle anlegga sett under eitt, har brutto utslepp av nitrogen vore redusert med i snitt om lag 10 – 12 %, men det er store skilnader mellom anlegg. Faktorar som ser ut til å verke inn på utsleppsreduksjonen er i kva grad partiklane går i oppløysing, bruk av flokkulantar, og avstanden mellom kar og filter. Så langt tyder våre erfaringstal på at det er førfaktoren som har størst innverknad på dei spesifikke utsleppa (utsleppa per tonn produsert fisk) i landbaserte anlegg, jf. **Error! Reference source not found.**

Statsforvaltaren nyttar ein modell for utrekning av utsleppsmengder basert på stoff-flyt i anlegget. Enkelt forklart er han basert på føresetnaden om at utsleppa av nitrogen, fosfor og karbon kjem frå mengda som finst i fôret som er nytta. Stoffmengda som er att i fisken som er produsert (inkl. daudfisk) og slammet som er samla opp er trekt frå. Denne standardiserte reknemåten er eit krav ved den årlege rapporteringa av utsleppsmengder, og er lik for alle anlegg.



Figur 1. Spesifikke utslepp av nitrogen (kg/tonn fisk) sett opp mot fôrfaktor. Tal frå årsrapportar frå settefisk- og postsmoltanlegg i Vestland dei siste åra.

Utsleppsmengder frå anlegget ved Mjåsund

Firda Seafood Group AS har lagt opp til reinsing av avløpsvatnet med mekanisk filtrering med 40 µm lysopning, og vidare slambehandling som gir eit slam med tørrstoffinnhald på 27 %. I søknaden er det rekna ut årlege utsleppsmengder av N, P og TOC frå ein årleg produksjon på 6 100 tonn (inkludert 100 tonn daudfisk), med føresetnad om fôrfaktor 1,0 (Figur 2). Dei oppgjer i søknaden at oppsamla slam vil utgjere 610 tonn tørrstoff. Mengde N, P og TOC i slammet som er oppgitt i søknaden er basert på erfaringstal frå Rådgivende Biologer AS³.

Nytt Firda Seafood Group AS Mjåsund postsmoltanlegg				År:
Produksjon		Enhet		
Forbruk av fôr	6 100	Produksjon av fisk	6 100 tonn	
Produksjon av slam	2 200	610 tonn tørrstoff		
Tørrstoffinnhald i slam (%)	27	1,00 Fôrfaktor		
Nøkkeltall for sammensetningen	Nitrogen	Fosfor	TOC	
fôr, oppgitt av fôrleverandør	7,21	1,37	45 % av TS i fôret	
fisk, standardtall	2,72	0,42	20 % av fisken	
slam, målt av oppdretter	4,5	3,8	46,2 % av tørrstoff	
Beregning av utslipp	Nitrogen	Fosfor	TOC	
Brutto utslipp, før reinsing	273,9	58,0	763 tonn	
Netto utslipp, etter reinsing	246,5	34,8	480,4 tonn	
Spesifikt utslipp (m/reins)	40,4	5,7	78,8 kg/tonn biomasse	
Oppnådd rensegrad	10	40	37 prosent	

Figur 2. Utrekning av utsleppsmengder frå Mjåsund ved årleg produksjon på 6 100 tonn. Rådgivende Biologer, 2024.

³ Notat – Oppdaterte utslippstall for innsendt søknad om etablering av postsmoltanlegg for en årsproduksjon på 6000 tonn i Mjåsund Næringspark ved Mjåsundet i Gulen kommune i Vestland. Rådgivende Biologer (2024).



Kjemikal og miljøgifter

Produksjonen vil ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel. Fôret som vert brukt vil også gi utslepp av enkelte miljøgifter, og slammet som vert samla opp frå produksjonen kan innehalda dei same miljøgiftene.

Reinsing av avløpsvatnet vil redusere mengdene forureining som vert sleppt direkte ut i miljøet for dei stoffa som er knytt til partiklar. Den forureininga som er samla opp må handterast i den vidare behandlinga/bruken av slammet.

Fiskefôr inneheld fleire miljøgifter som er nærare omtalt i vassforskrifta. Til dømes er kadmium og kvikksølv europeisk og nasjonalt prioriterte miljøgifter som inngår i kjemisk tilstandsvurdering etter vassforskrifta. Sink og kopar er såkalla vassregionspesifikke stoff, som per i dag inngår i økologisk tilstandsvurdering etter vassforskrifta.

Plast og marin forsøpling

Slitasje på røyr og andre anleggsdelar av plast vil medføre at det vert danna større og mindre plastpartiklar. Plasten kan følgje med avløpsvatnet ut i det marine miljøet, eller forureine slammet som vert samla opp i reinseprosessane i anlegget. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda.

Avfall og biprodukt

Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslepp til miljøet.

Slam og anna organisk avfall kan og bør utnyttast som ein sirkulær ressurs. Ved reinsing av avløpsvatnet frå landbaserte anlegg vil det bli generert slam som må handterast vidare. Det er fleire alternativ for vidare handtering, lagring og avhending, og risikoen for utslepp til luft (lukt) eller vatn må vurderast i kvart tilfelle.

Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslepp til miljøet.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslepp.

Støy og lukkt

Større landbaserte akvakulturanlegg har vanlegvis produksjon som i større eller mindre grad går føre seg inne i bygningar. Det kan likevel vere noko støy og luktt frå produksjonen.

Anlegget skal ligge på vestsida av Mjåsundet. Næraste busetnad ligg på austsida av Mjåsundet. Her ligg både fritidseigedom og bustader, med næraste bustad tvers over sundet om lag 350 meter i frå i luftlinje.

4.2 Resipient og lokalitet

Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for vurdering av lokaliteten og resipientens toleevne er basert på følgjande dokument;

- *Notat - Oppdaterte utsleppstal for innsendt søknad (Rådgivende Biologer, oktober 2024).*
- *Dokumentasjonsvedlegg til søknad om etablering av settefisk- og postsmoltanlegg, med konsekvensutgreiing (Rådgivende Biologer, 2021)*
- *Notat – modellering, spreining og fortytning av planlagt utslepp (Rådgivende Biologer, 2020)*




- *Konsekvensvurdering for naturmangfold og naturressursar (Rådgivende biologer, 2017)*
- *Risikovurdering av forureina sediment (Rådgivende Biologer, 2017)*
- *Forundersøkelse (DNV-GL, 2017)*
- *Straummålingar frå 25m og 51m (Åkerblå AS, 2017)*
- *B-undersøking (Åkerblå AS, 2017)*

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemdar.

Sjøvassinntak og utsleppspunkt

Utsleppet går ut i Mjåsundet, mellom Mjømna og Sandøyna. Utsleppspunktet skal ligge om lag 50 meter frå land på 30 meters djup, medan sjøvassinntaket er planlagt lenger nord i sundet på 80 meters djup (Figur 3)⁴.



Figur 3. Kart med plassering av anlegget, sjøvassinntak og avløpsrøyr (raud pil). Henta frå Rådgivende Biologer, rapport 2376.

Vassførekomsten Kvitnesosen


Lokaliteten Mjåsund vil ha utslepp til søraustleg del av vassførekomsten Kvitnesosen (Vann-Nett-ID 0280010202-C; Figur 4)⁵. Vassførekomsten er i vann-nett karakterisert som beskytta kyst/fjord. På bakgrunn av målingar av botnfauna, fosfor og metalla kopar og sink er den økologiske tilstanden vurdert til god. Prøvestasjonane som inngår i klassifiseringa er ytre stasjonar ved

⁴ Dokumentasjonsvedlegg til søknad om etablering av settefisk- og postsmoltanlegg i Mjåsundet i Gulen kommune. Med konsekvensutredning. Rådgivende Biologer, rapport 3276.

⁵ Faktaark i Vann-Nett Portal: [VannNett-Portal \(vann-nett.no\)](http://VannNett-Portal(vann-nett.no))




akvakulturlokalitetene Bårøy og Leiholmane, med stor avstand til Mjåsundet. Den kjemiske tilstanden er ikkje definert da det ikkje føreligg målingar på aktuelle stoff.



Figur 2. Vassførekosten Kvitnesosen (i blått) og plassering av lokaliteten Mjåsundet (rød sirkel). Skjermdump frå vann-nett.no.

Resipient


Nord for planlagt utslipp opnar sundet seg, og djupna aukar til eit maksdjup på om lag 140 meter ca. to kilometer frå anlegget. Sjømråda lenger nord er prega av eit landskap med øyer og holmar, sund og tersklar (figur 5)⁶. Om lag 450 meter sør for utslippspunktet smalnar sundet ved ein 25 meters grunn terskel. Her kryssar også Byrknesvegen over sundet med brusaband.



Figur 5. Djupneførehald i sjømråda omkring planlagt anlegg, med terskeldjup i sjømråda utanfor maksimaldjup i resipienten. Frå Rådgivende Biologer, rapport 3276.

Data frå marine grunnkart syner hard botn med sand, grus og stein ved utslippspunktet. Lenger nord er det grov sand som går over i stein med sand/slamdekke. Gravbarheita aukar med auka djup mot nord (figur 6).

⁶ Dokumentasjonsvedlegg til søknad om etablering av settefisk- og postsmoltanlegg i Mjåsundet i Gulen kommune, med konsekvensutredning. Rådgivende Biologer, rapport 3276.



Symbol	Gravbarhet
Light brown square	Gravbar, stabil grøft
Medium brown square	Gravbar, ustabil grøft
Dark brown square	Vanskelig gravbar
Orange square	Ikke gravbar

Figur 6. Marine grunnkart som viser gravbarheit i sediment. Skjermdump frå fylkesatlas.no.

Miljøgranskningar

Ei B-granskning med prøvepunkt omkring planlagt utsleppspunkt viser at sedimentet i dette området er dominert av skjelsand, grus og sand. Det vart registrert hardbotn ved 5 av 10 prøvestasjonar⁷.

Ei forundersøking med analyse av mellom anna botnfauna i resipienten vart gjennomført i september 2017. Det vart tatt prøve ved fire stasjonar. Oksygenmålingar ved djupaste stasjon (omkring 1 700 meter nord for planlagt utslepp) viste til reduserte tilhøve i botnvatnet tilsvarande tilstand III (Moderat, oksygeninnhald 2,8 ml O₂/l). Stasjonen var plassert i det djupaste området av Ånnelandssundet, og indikerer avgrensa utskifting av botnvatnet i dette djupområdet. Faunaanalyse av sedimentprøve frå same stasjon og ein stasjon noko nærare anlegget fekk tilstand II (God), og var dominert av sand og mudder/silt⁸. Tilstanden til botnfaunaen ved dei to stasjonane nærast planlagt utslepp var svært god. Her var sedimentet dominert av skjelsand (ut til 370 meter sør for anlegget).

For å vurdere økologisk risiko knytt til spreining av sediment ved utfylling i sjø ved Mjåsund vart det i 2017 gjennomført ei risikovurdering av forureina sediment. Det vart tatt prøve 10 cm ned i sedimentet ved tre stasjonar (djup 4-23 meter). Sedimentet var dominert av sand, med noko innhald av grus og finsediment (silt og leire)⁹.

Straummåling

Straumen ved Mjåsund vart målt med profilerande strømmålar i ein måned, frå januar til februar, i 2017. Målaren stod på botn på 56 meters djup, om lag 200 meter søraust for planlagt utsleppspunkt. Data frå 25 og 51 meters djup vart analysert. På 25 meters djup følgjer straumen sundet nord-sør, med sterkast straum mot nord. Ved botn går straumen mot sørvest og nordaust (figur 7). Gjennomsnittleg straumhastigheit er vurdert som svært sterk på 25 meters djup og sterk over botn.


⁷ B-undersøkelse for lokalitet Mjåsundet. Åkerblå AS, rapport B-M-17011.

⁸ Forundersøkelse av Mjåsundet – avløp fra RASanlegg. DNV-GL, rapport 2017-4187.

⁹ Mjåsund Næringspark, Gulen kommune. Risikovurdering av sediment. Rådgivende Biologer, rapport 2543.



Retningsstabiliteten til straumen var middels til lite stabil, med Neumann-parameter 0,3 på 25 meters djup og 0,1 på 51 meters djup¹⁰.



Figur 7. Straumroser som viser straumretning og straumfart. Frå Åkerblå AS, rapport SR-M-01517

Modellering, spreiiing og fortynning av utselepp

Plassering og djup for utseleppspunktet er vurdert ved berekning av innlagringsdjup. Modellen Visual PLUMES vart brukt, der naudsynte inputverdiar for berekning er vassmengd, utseleppsdjup, diameter for utseleppsrøret, vertikalprofil for temperatur og salthaldigheit, straumhastigheit samt tettleik og temperatur på utseleppet. Berekningane vart gjort for ein typisk haustsituasjon, og det er i rapporten opplyst om at modellen truleg utelèt store variasjonar innafor perioden¹¹.

Resultata frå berekningane med eit utselepp på 30 meters djup viser gjennomslag til overflata ved maksimal vassmengd (140 l/s). Modellresultata viser at avløpsvatnet i eit slikt scenario vil vere fortynna 212 gonger ved innlagringsdjupet på 10 meter, og ein kilometer frå anlegget vil avløpsvatnet vere fortynna 500 gonger.

Registrerte sårbare artar og viktige marine naturtypar

Ei konsekvensvurdering for naturmangfald og naturressursar vart gjort ved Mjåsundet i 2017, der marine naturtypar vart kartlagt med fridykking og ROV. I sundet vart det registrert naturtypane blautbotnområde i strandsona, ålegraseng og sukkertareskog (figur 8). Eit stykke nordover i Mjåsundet er det også registrert gyteområde for torsk.

Raudlistestatus for nokre av artane og naturtypane som er omtalt i rapporten frå 2017 er endra i nyare oppdatering. Til dømes er naturtypen sørleg sukkertareskog endra frå sårbar til sterkt trua (EN). Økte temperaturar og næringssaltnivå er dei største truslane mot naturtypen¹². Dei tidelgare raudlista artene flatøsters (*Ostrea edulis*) og sandskjel (*Mya arenaria*) som vart funne på blautbotnområde i strandsona i 2017 er no rekna som livskraftig (LC).

Ålegrasenger inngår i naturtypen marin undervasseng. Naturtypen er vurdert som intakt (LC), men er sårbar for forstyrningar fordi ålegras har avgrensa spreiiing og restitusjonsevne. Konsekvensvurderinga frå 2017 vurderer ålegrasengene ved Merkesvågen og nord for Trollvika som

¹⁰ Strømrappport Måling av strøm på 25m og bunn ved Mjåsundet januar - februar 2017. Åkerblå AS, rapport SR-M-01517.


¹¹ Firda Seafood Group AS. Modellering, spredning og fortynning av planlagt utselepp fra omsøkt landbasert RAS postsmoltanlegg i Mjåsundet i Gulen kommune. Rådgivende Biologer AS, notat 2020.

¹² Norsk rødliste for naturtyper artsdatabanken.no/rln/2018/342/Sørleg_sukkertareskog?mode=headless



viktig på grunn av nærleiken til et større gytefelt for kysttorsk, da yngel nyttar ålegraseng som oppvekst-, beiteområde og skjulestad.

Naturtypar i sjø i influensområdet er i konsekvensvurderinga vurdert å ha stor verdi, medan næringspark og oppdrettsverksemd i området er rekna å gi en liten negativ verknad på naturmangfaldet. Konsekvensen av tiltaket for naturtypar i sjø er i konsekvensvurderinga vurdert til liten negativ (stor verdi samanstilt med liten negativ verknad)¹³.



Figur 8. Naturtypar i influensområdet til Mjåsund. Skjermdump frå fylkesatlas.no.

4.3 Tilhøvet til plan

Areala på land og hamneområde i sjø er regulert i detaljreguleringsplan «Mjåsund Næringspark, gbnr 91/6 m.fl. Mjømna»¹⁴, vedteke i kommunestyret Gulen kommune 22. mars 2018. Gulen kommune har vurdert at det planlagde settefiskanlegget i er i samsvar med reguleringsplanen for området.

4.4 Andre verdiar for natur og friluftsliv i området

Resipienten Mjåsundet vert brukt til yrkes-, fritids- og turistfiske med garn og line. I offentleg kartteneste er det registrert fiskeplassar med passive reiskap i resipienten. Eit stykke nord for utsleppspunktet er det også registrert rekefelt og gytefelt for torsk.

Vi viser til NVE sitt vedtak om regulering av uttak av vatn for nærare omtale av landskap, friluftsliv og brukarinteresser på land¹⁵. Her er også naturverdiar tilknytt ferskvasressursane nærare omtalt.

¹³ Mjåsund Næringspark. Konsekvensvurdering for naturmangfold og naturressurser. Rådgivende Biologer, rapport 2542.

¹⁴ Arealplanen er tilgjengeleg via arealplaner.no | 2016003 > Plandokumenter

¹⁵ Regulering og uttak av vatn til Mjåsund settefiskanlegg [Konsesjonssak - NVE](#). Referanse 201836921-14.



5 Saksgang

5.1 Korrespondanse

Søknaden er datert 7. januar 2021, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 8. januar 2021. Kommunen si handsaming av saka vart ettersendt 31. mars 2021.

Søknaden har ligge til behandling hos Statsforvaltaren ei god stund, og vi har i mellomtida opparbeida oss meir kunnskap om mogleg reinsegrad frå landbaserte akvakulturanlegg. Søkar fekk derfor høve til å sende oss ny informasjon om utsleppet. Oppdatert informasjon om reinsegrad og mengde utslepp frå produksjonen det blir søkt om vart sendt til Statsforvaltaren den 20. november 2024.

5.2 Merknader og fråsegner

Ved offentlig høyring av søknaden kom det inn merknad frå NJFF Sogn og Fjordane. Merknaden omhandlar trafikklyssystemet i PO4, påverknad frå lakselus og rømingfare. Dette er tema som handsamast av andre sektoretatar.

6 Klagerett

Firda Seafood Group AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Hedda Dugstad Østgaard
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarliste:

Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Firda Seafood Group AS	Kalvøyna 75	5970	BYRKNESØY

Kopi til:

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 18.

Dersom den driftsansvarlege ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må den driftsansvarlege i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Den driftsansvarlege bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Nøkkeldata

Akvakulturlokalitet ¹	45250 Mjømna
Produksjonskapasitet	6 100 tonn årleg produksjon av settefisk/postsmolt av laksefisk
Kommune og fylke	Gulen i Vestland
Gards- og bruksnr.	91/144 og 146
Driftsansvarleg	Firda Seafood Group AS
Postadresse	Firda Seafood Group AS, Kalvøyna 75, 5970 Byrknesøy
Org. nummer	975 965 279
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 Produksjon av matfisk og skalldyr i hav- og kystbasert fiskeoppdrett

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2025.0404.T	4635.0127.01	2021/488
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
Anlegg: N: 60° 54.733' N Ø: 4° 57.270 Ø Utsleppspunkt: ikkje fastsett	0280010202-C	Kvitnesosen

Løyve gjeve fyrste gong: 11.04.2025	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: 14.05.2025
Gunn Helen Henne senioringeniør	Hedda Dugstad Østgaard rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Innholdsliste

1.	Rammevilkår	4
2.	Generelle vilkår.....	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3	Plikt til å redusere forureining	4
2.4	Utskifting av utstyr	4
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
3.	Utslepp til vatn.....	5
3.1	Utsleppsgrenser	5
3.1.1	Utslepp av næringsstoff og organisk materiale.....	5
3.1.2	Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel	5
3.2	Utsleppsstad	5
3.3	Kjølevatn	6
4.	Utslepp til luft	6
4.1	Lukt.....	6
5.	Grunnforureining og forureina sediment.....	6
6.	Kjemikal	7
6.1	Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel.....	7
6.2	Informasjon til fiskehelsepersonell.....	7
7.	Støy og lys.....	7
7.1	Støy.....	7
7.2	Lys.....	8
8.	Energi	8
9.	Avfall og biprodukt.....	8
9.1	Generelle krav	8
9.1.1	Avfallshierarkiet.....	8
9.1.2	Gjenvinning av avfall eksternt	8
9.1.3	Bruk av biprodukt eksternt.....	9
9.1.4	Handtering av avfall.....	9
9.2	Organisk produksjonsavfall og biprodukt.....	9
9.3	Plastforsøpling og mikroplast	9
10.	Utsleppskontroll, journalføring og rapportering av utsleppsmengder	9
10.1	Utsleppskontroll	9
10.2	Journalføring	10
10.3	Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data	10
11.	Overvaking av resipient og rapportering av miljødata	11
11.1	Overvaking av miljøtilstand	11
11.2	Tiltaksplikt ved redusert miljøtilstand	12
11.3	Årleg sjekk av strandsone.....	12
11.4	Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase.....	13
12.	Miljørisiko og beredskap	13
12.1	Miljørisiko	13
12.2	Førebyggjande tiltak.....	13
12.3	Beredskap mot akutt forureining.....	14
12.4	Varsling av akutt forureining.....	14
13.	Eigarskifte, omdanning mv.	14
14.	Nedlegging	14

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Den driftsansvarlege må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

Endringslogg

Tabell 1. Endringar i løyvedokumentet sidan løyvet vart gitt første gong.

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar
0	11.04.2025	Alle	Nytt løyve
1	14.05.2025	Framsida	Oppdatert løyvenummer, anleggsnummer og namn på akvakulturlokalitet etter oppretting i Akvakulturregisteret.

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå landbasert produksjon av settefisk/postsmolt av laks og regnbogeaure.

Løyvet gjeld for ein samla produksjon på inntil 6 100 tonn biomasse av fisk per år (6 000 tonn levert mengde fisk), med maksimalt dei utsleppsmengdene for utslepp til vatn som er gitt i vilkår 3. Dette punktet føreset at det skal vere utsleppsreducerande tiltak i produksjonen.

Dersom heile eller vesentlege delar av produksjonen ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal den driftsansvarlege sende inn opplysningar om framdriftsplanar og eventuelle endringar som gjeld reinsing, utslepp eller andre tilhøve med verknad for ytre miljø. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av slike nye opplysningar gjere nødvendige endringar i løyvet i samråd med den driftsansvarlege. Endringar i løyvet kan mellom anna innebere oppdatering av standardvilkår, oppheving av unødvendige vilkår eller nedjustering/tilbaketrekking av delar av tildelt produksjonsramme.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Andre utsleppskomponentar, bortsett frå prioriterte miljøgifter², er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar den driftsansvarlege å redusere utsleppa sine så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utsifting av utstyr

Ved utsifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ verknad på miljøet.

² [Om den norske prioritetslista - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no)

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal den driftsansvarlege syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsgrenser

3.1.1 Utslepp av næringsstoff og organisk materiale

Verksemda skal ha utsleppsreducerande tiltak i form av reinsing av prosessavløpsvatnet frå anlegget. Grenser for utslepp av næringsstoff og organisk materiale er synt i tabell 2. Krav om utsleppskontroll, journalføring og rapportering for desse komponentane er gitt i vilkår 10.

Tabell 2: Grenseverdiar for utslepp av næringsstoff og organisk materiale.

Komponent	Utsleppsgrenser		Gjeld frå
	Årleg utslepp* Tonn/år	Spesifikt utslepp** Kg/tonn fisk	
Total nitrogen (tot-N)	247	40,4	11.04.2025
Total fosfor (tot-P)	35	5,7	11.04.2025
Total organisk karbon (TOC)	481	78,8	11.04.2025

*Totale utslepp berekna frå 6 100 tonn årleg biomasseproduksjon og 6 100 tonn årleg fôrforbruk. **Utslepp per tonn produsert biomasse som årleg gjennomsnitt.

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av sink, kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med krav i vilkår 2.3 og vilkår 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuelt også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive. Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at utslepp av miljøfarlege stoff som nemnt i vassforskrifta³ (vedlegg VIII C og D nr 2 og vassregionspesifikke stoff) over tid blir akkumulert på sjøbotn, slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment.


3.2 Utsleppsstad

Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblandinga i dei omkringliggende vassmassane vert best mogleg, og med minst mogleg negative effektar for miljø og naturmangfald.

³ [Grenseverdiar for klassifisering av prioriterte stoffer og vannregionspesifikke stoffer - Vannportalen](#) i rettleiinga [02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

Planlagt utsleppsstad er i Mjømna på 30 meters djup, om lag 50 meter frå land (figur 1). Posisjon for utsleppspunktet skal sendast til Statsforvaltaren innan produksjonsstart.

Statsforvaltaren skal haldast orientert om posisjon og djupne for utsleppet. Ved ønskje om å endre på utsleppspunktet, må det avklarast med Statsforvaltaren om ønskt endring av utsleppspunktet krev endring av løyvet og eventuelt spreingsberekningar.



Figur 1. Planlagt plassering av inntaks- og utsleppspunkt.

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

4. Utslepp til luft

4.1 Lukt

Akvakulturanlegget skal utformast og driftast på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre. Dette gjeld også ved bruk av tenesteleverandørar.

Den driftsansvarlege skal ha oversikt over kjelder til lukt og vurdere behov for tiltak.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Den driftsansvarlege pliktar til å til ei kvar tid halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment i sjøen. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

6. Kjemikal

6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

Den driftsansvarlege skal etablere eit system for å vurdere substitusjon av kjemikal som vert nytta i verksemda. Systemet skal dokumentere dei vurderingane som er gjort for å oppfylle substitusjonsplikta.

Den driftsansvarlege pliktar å vurdere alternative metodar for å førebyggje sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

6.2 Informasjon til fiskehelsepersonell

Dersom fisken i anlegget skal behandlast med legemiddel skal den driftsansvarlege informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga. Dette inkluderer omtale av artar og naturtypar i resipienten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

7. Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og driftast slik at det ikkje fører til nemnande støy- og lysulemper for omgjevnadene. Dette gjeld også ved bruk av tenesteleverandørar.

Aktivitetar som er ekstra støyande eller medfører ekstraordinær bruk av lys, og som vil gå føre seg utanfor dagperioden kl. 07-19, skal førehandsvarslast til berørte naboar.

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride grensene i Tabell 3, berekna som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade:

Tabell 3. Støygrenser

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)
Kvardagar: 55 dB ($L_{pAekv12h}$) Laurdagar, sundagar og heilagdaggar: 50 dB ($L_{pAekv12h}$)	50 dB ($L_{pAekv4h}$)	Gjennomsnitt: 45 dB ($L_{pAekv8h}$) Maksimum: 60 dB (L_{AFmax})
<i>L_{pAekvT}: gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.</i>		
<i>L_{AFmax}: gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.</i>		

Støygrensene vil ikkje gjelde for bygningar av typane nemnt over, som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og

produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

7.2 Lys

Lysbruk på anlegget skal innrettast slik at det er til minst mogleg sjenanse for omgivnadane.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

Den driftsansvarlege skal ha eit system for energileiing i verksemda. Den driftsansvarlege skal kontinuerleg, systematisk og målretta vurdere tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen⁴ til verksemda og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing (NS-EN ISO 50001).

Verksemda skal utnytte overskotsenergi internt eller eksternt når dette er teknisk og økonomisk mogleg.

Spesifikt energiforbruk skal reknast ut og journalførast årleg, jf. vilkår 10.

9. Avfall og biprodukt

9.1 Generelle krav

9.1.1 Avfallshierarkiet

Den driftsansvarlege skal nytte følgjande prioriteringsrekkefølge i verksemda sin avfallsstrategi:

- a) førebygging
- b) ombruk
- c) materialgjenvinning
- d) anna gjenvinning, inkludert energiutnytting
- e) sluttbehandling

Den driftsansvarlege kan avvike frå prioritetsrekkefølga dersom ei avveging mellom miljøomsyn, ressursomsyn, omsyn til menneske si helse, og tekniske og økonomiske forhold tilseier det.

Den driftsansvarlege skal dokumentere kva for vurderingar og tiltak som er gjennomført for å følgje prioritetsrekkefølga. Dokumentasjonen skal takast vare på i minst fem år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

9.1.2 Gjenvinning av avfall eksternt

Dersom avfall vert levert til annan aktør for gjenvinning, skal den driftsansvarlege:

- a) dokumentere kven som tek imot avfallet
- b) dokumentere opplysningar frå mottakaren om korleis avfallet skal gjenvinnast
- c) opplyse mottakeren om innhaldet i avfallet

⁴ FOR-1996-12-06-1127 [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(Internkontrollforskriften\) - Lovdata](#)

Dokumentasjonen skal takast vare på i minst fem år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

9.1.3 Bruk av biprodukt eksternt

Dersom biprodukt⁵ skal nyttast utanfor veksemda, skal den driftsansvarlege:

- a) dokumentere kven som tek imot biproduktet
- b) opplyse mottakaren om innholdet i biproduktet

Opplysningane skal takast vare på i minst fem år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

9.1.4 Handtering av avfall

All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 12.

Ved lagring av avfall skal:

- a) den driftsansvarlege ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra
- b) avfallslager vere sikra slik at uvedkomande ikkje får adgang, og lagra avfall skal vere merkt slik at det går fram kva som er lagra
- c) avfall som ved samlagring eller samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at det vert danna farlege stoff, lagrast med nødvendig avstand

Farleg avfall skal vere lagra innandørs og på fast, ugjennomtrengjeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar, med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan nyttast dersom den driftsansvarlege kan dokumentere at lagringsmåten gir minst like lav risiko for miljøet.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast for å oppnå at det skal reknast som ordinært avfall.

9.2 Organisk produksjonsavfall og biprodukt

Slam, dødfisk, fôrrestar, m.v. skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs.

9.3 Plastforsøpling og mikroplast

Internkontrollen til verksemda skal inkludere risikovurderingar og tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikro- og makroplast. Dette gjeld også slitasje på plastbasert driftsutstyr.

10. Utsleppskontroll, journalføring og rapportering av utsleppsmengder

10.1 Utsleppskontroll

Den driftsansvarlege pliktar å systematisk kartleggje verksemda sine utslepp til vatn, og etablere ein utsleppskontroll som er del av verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Utsleppskontrollen må bygge på informasjon om forbruk av fôr, produsert fiskebiomasse, mengd oppsamla slam og totalinnhaldet av nitrogen, fosfor og organisk karbon (tot-N, tot-P og TOC) og

⁵ Som definert i § 27 i LOV-1981-03-13-6 [Lov om vern mot forurensningar og om avfall \(forurensningsloven\) - Kap. 5. Om avfall. - Lovdata](#)

miljøgifter nemnt i vassforskrifta⁶ (vedlegg VIII C og D nr 2 og vassregionspesifikke stoff) i fôr, fisk og slam.

Som del av utsleppskontrollen skal det utarbeidast eit måleprogram. Dette skal som eit minimum omfatte:

1. Prøveuttak frå slam
2. Prøvetakingsfrekvensar
3. Prøvetakingsprosedyrar
4. Analyse av tørrstoff, tot-N, tot-P og TOC og eventuelle miljøgifter i slam.

Resultata av målingane skal samanstillast med produksjons- og slamoppsamlingsdata, for å berekne utsleppa til vatn. Utrekningane skal gi oversikt over stoff-flyten/massebalansen for tot-N, tot-P, TOC og miljøgifter i produksjonen.

Den driftsansvarlege skal sikre at utsleppskontrollen er representativ, og vurdere usikkerheita i talmaterialet som utgjer utsleppskontrollen.

10.2 Journalføring

Følgjande informasjon om drifta skal journalførast og oppbevarast i minst fem år:

1. Biomasseproduksjon inkludert dødfisk
2. Fôrforbruk og fôrtype (handelsnamn og konsentrasjonar av eventuelle miljøgifter nemnt i vassforskrifta⁶ (vedlegg VIII C og D nr 2 og vassregionspesifikke stoff))
3. Mengd oppsamla slam, analyse av tørrstoff, tot-N, tot-P og TOC og miljøgifter i slam (same som i fôret).
4. Kjemikaliebruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
5. Legemiddelbruk (legemiddelttype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
6. Ensilasje (mengd og kven ensilasjen er levert vidare til)
7. Naboklager og meldingar på lukt, lys og støy frå drifta, og hendingar som kan vere årsak til slike ulemper. Det skal journalførast tidspunkt, mogleg årsak, namn, adresse og kontaklinformasjon til personar som har meldt frå.
8. Rapportar frå utførte miljøgranskingar
9. Energiforbruk

10.3 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data

Den driftsansvarlege skal rapportere utsleppsrelevante data på den måten Statsforvaltaren bestemmer. Som eit minimum skal den driftsansvarlege innan 1. mars kvart år rapportere følgjande data frå året før til Statsforvaltaren:

1. Årleg biomasseproduksjon inkl. dødfisk
2. Fôrtype og årleg fôrforbruk
3. Årleg mengd oppsamla slam, resultat av analysar av innhald av tørrstoff, tot-N, tot-P og TOC og eventuelt av miljøgifter⁶ i slammet.
4. Eventuelle avvik knytt til utsleppsforhold eller utsleppskontrollen

⁶ Stoff med [grenseverdier for klassifisering av prioriterte stoffer og vannregionspesifikke stoffer](#) i rettleiinga [02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

11. Overvaking av resipient og rapportering av miljødata

11.1 Overvaking av miljøtilstand

Den driftsansvarlege skal dokumentere moglege miljøeffektar i resipienten av sin aktivitet og korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden (økologisk og kjemisk) i vassførekomsten.

Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde i strandsona, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, botnfauna og sediment i sedimenteringsområde.

Den driftsansvarlege skal innan produksjonsstart levere eit framlegg til eit risikobasert overvakingssystem, og gjennomføre nødvendige miljøgranskingar for å dokumentere no-tilstanden som seinare miljøgranskingar skal samanliknast med. Oksygen i botnvatnet i djupområde nord i resipienten må kartleggast betre for å gjera det mogleg å samanlikne no-tilstanden med framtidige granskingar. Vidare overvakingsskjema og innhald i overvakinga skal tilpassast storleiken på utsleppa, og resultat av tidlegare granskingar.

Overvakingssystemet skal som eit minimum omfatte granskingane som er spesifisert nedanfor. Det må også ta omsyn til føringar frå vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking⁷, for både kjemiske og biologiske kvalitetselement, jf. rettleiar 02:2018 om klassifisering av miljøtilstand i vatn, kapittel 9, tabell 9.1.

Overvakinga skal skje på faste overvakingspunkt. Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast av fagkyndig og uavhengig organ i samsvar med overvakingssystemet. Desse skal også så langt mogeleg vere akkrediterte for oppgåva.

Rapportar frå miljøgranskingar skal der det er aktuelt vise resultat klassifisert etter miljøkvalitetsstandardane i vassforskrifta⁸, utvikling sidan siste gransking og trendar over tid. Rapportar skal også innehalde faglege vurderingar av resultatane.

Botn

- Trendbasert overvaking av miljøtilstanden i sedimenta på sjøbotn. Resipientgranskingane skal som eit minimum inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink, og oksygen i botnvatnet.
- I samband med resipientgransking skal sedimentprøver analyserast for innhald av miljøfarlege stoff som nemnt i [forskrift 15. desember 2006 nr. 1446 om rammer for vannforvaltning vedlegg VIII C og D nr. 2](#) dersom anlegget har hatt utslepp av desse stoffa. Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff⁹ skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.
- Overvaking av påverknad på sårbart naturmangfald skal vere ein del av overvakingssystemet.

Vassøyla

- Trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla. Granskinga skal som eit minimum inkludere parametrane vasskjemi (tot-N, tot-P samt klorofyll).
- Hydrografisk profil med oksygen i relevante djupområde

⁷ <https://www.vannportalen.no/veiledere/>

⁸ Veileder M-608 | 2016 Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – revidert 30.10.2020 [*M608.pdf](#)

⁹ Punkt 11.9.6 i [02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

Strandsona

- Trendbasert overvaking av miljøtilstanden til makroalgane i strandsona og grunne område i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta.

I tillegg til overvakingsprogrammet skal det gjennomførast sjekk av strandsona jf. Vilkår 11.3.

Den driftsansvarlege skal før kvar ny runde av overvakingsprogrammet vurdere om dei tidlegare utførte miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden tilfredsstillande, eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget, innhald av framandstoff i fôret, og påverknad på naturmangfald skal inngå i denne vurderinga. Den driftsansvarlege må sjølv setje i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Statsforvaltaren kan pålegge den driftsansvarlege å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom det er naudsynt for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten jf. forureiningslova § 51. Den driftsansvarlege kan og bli pålagt å betale ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp i området.

11.2 Tiltakspålikt ved redusert miljøtilstand

Dersom resultat av miljøovervaking syner negativ utvikling skal den driftsansvarlege varsle Statsforvaltaren og gjere tiltak for å betre miljøtilstanden.

Tilfelle der det krevst tiltak

- Dersom ei resipientgransking syner at den økologiske tilstanden i influensområdet¹⁰ vert dårlegare over tid.
- Dersom ei gransking av miljøfarlege stoff syner konsentrasjonar i sedimentprøvene i influensområdet som overstig grenseverdiane for tilstandsklasse II. Det same gjeld om konsentrasjonen av stoff i prøver nær utsleppspunktet overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.
- Dersom tilstanden for oksygen i botnvatnet i resipienten har ei negativ utvikling over tid.

Ved tvil om årsakssamanheng skal den driftsansvarlege gjere tilleggsgranskingar for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast utsleppa frå akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Dersom utsleppa frå anlegget bidreg til den reduserte miljøtilstanden skal den driftsansvarlege lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen.

11.3 Årleg sjekk av strandsona

Den driftsansvarlege skal syte for at det årleg blir gjennomført synfaring av strandsona for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. Eventuell effekt av overgjødsling må sjekkast i sommarhalvåret.

Oppfølging av strandsona skal vere ein del av anlegget sin internkontroll, og treng ikkje gjennomførast av eksterne uavhengige organ.

¹⁰ Område utanfor utsleppet der det er forventa ei viss grad av påverking, ref. faktaark om vassovervaking frå Miljødirektoratet [*M1288.pdf](#)

Eventuelt avfall skal fjernast. Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemda som til dømes algevekst skal dokumenterast med tekst og bilete.

Dersom ei strandsonegransking syner at strandsona er synleg påverka av drifta ved akvakulturanlegget, skal den driftsansvarlege lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre tilhøva.

11.4 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter vilkår 11 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren via [Altinn](#), eller på annan måte som Statsforvaltaren bestemmer.

Resultat frå miljøgranskingane som blir gjennomførte skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹¹, så langt dataa det gjeld er parametrar som er mogleg å registrere. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Funn av sårbart naturmangfald skal registrerast i databasane Artskart og Naturbase.

Data frå miljøgranskingar og kartleggingar i samband med søknaden skal også registrerast i databasane, dersom dette ikkje er gjort tidlegare. Frist for innlegging er 01.08.2025.

12. Miljørisiko og beredskap

12.1 Miljørisiko

Den driftsansvarlege skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining, og kunne gjere greie for risikoforhold. Den driftsansvarlege skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet og vurdere resultatata opp mot akseptabel miljørisiko. Risikoanalysen skal ta omsyn til mellom anna spreiding av framande arter, ekstremvêr og klimaendringar.

Den driftsansvarlege skal kartlegge potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining¹² av vatn, grunn og luft.

12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikovurderinga i vilkår 12.1 skal den driftsansvarlege, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak.

Dette betyr mellom anna at:

- Den driftsansvarlege skal utarbeide ein plan for tiltak, inkludert alternativ disponering av slam, ved både planlagt og ikkje planlagt driftsstans i slambehandlinga. Planen skal til ei kvar tid haldast oppdatert.
- Den driftsansvarlege skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet.

¹¹ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

¹² Jf [§ 38 i forureiningsloven](#)

12.3 Beredskap mot akutt forureining

Dersom dei førebyggjande tiltaka i vilkår 12.2 ikkje har redusert risikoen for akutt forureining til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i vilkår 12.1.

Beredskapsplanen skal omtale den etablerte beredskapens organisering, personell og utstyr, og oppgi responstid og innsatsplanar. Beredskapsplanen skal dokumenterast som ein del av internkontrollen og haldast oppdatert.

Beredskapen¹³ skal vere tilpassa den restrisikoen som er att etter at førebyggjande risikoreduserande tiltak er gjennomført, når det gjeld organisering, personell, utstyr, kompetanse og opplæring.

Beredskapen skal øvast på minst ein gong i året.

12.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift¹⁴. Den driftsansvarlege skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

13. Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom den driftsansvarlege skal fusjonere, fisjonere eller på annan måte omdannast, eller dersom driftsansvaret skal overførast til ein ny driftsansvarleg, skal den driftsansvarlege sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter gjennomføring.

14. Nedlegging

Ved nedlegging eller stans skal den driftsansvarlege syte for at råvarer (inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel), produksjonsutstyr, biprodukt og avfall (inkludert ensilasje og dødfisk), blir teke hand om på forsvarleg måte. Den driftsansvarlege skal rapportere om dei tiltaka som blir sette i verk til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den driftsansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Den driftsansvarlege skal også for nedleggingsåret rapportere utsleppsrelevante data og eventuelle avvik, jf. vilkår 10.2.

¹³ [jf § 40 i forureiningsloven](#)

¹⁴ [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)